

Vikebygd og Skjold sokn som eit?

Viss to sokn slår seg saman:

- Vedtak skal gjerast av kongen i statsråd
- Det er høve til å ha eigne lister for kvar bygd, men alle kan stemma på listene.
- Fellesrådet har framleis ansvaret for begge kyrkjebyggja (som i dag), men det er høve for soknerådet til å setja ned fleire eigne underutval.
- Viss det er fem eller fleire sokn skal kvart sokn ha ein representant i fellesrådet, uavhengig av storleik.

Det sokneråda no går inn for er fylgjande:

1. Dei to sokna søker om å få ha ein **forsøksperiode** på fire år (2015-19) som eit sokn.

To separate soknemøte i 2018/19 avgjer om ein skal søkja fast samanslåing etter forsøksperioden

- a. Det blir søkt om å få stilla med to lister i 2015, ei i Skjold og ei i Vikebygd, kor det blir valt tre frå Vikebygdlista og fem frå Skjoldlista.
- b. Det blir søkt om å oppretthalda to representantar i fellesrådet.
- c. Det blir ikkje søkt om endringar i talet på forordna gudstenester i dei to kyrkjene.

2. I forsøksperioden på fire år:

- a. I fireårsperioden blir det **eit** felles sokneråd med ein leiar. Tre representantar frå Vikebygd og fem frå Skjold.
- b. Det blir **felles** soknemøte i perioden med mindre det kjem saker som etter lova krev eige soknemøte.
- c. Det blir **ein** økonomi gjennom at det blir ført eit felles rekneskap. Dersom ein etter forsøksperioden fortset som to sokneråd, skal kvart sokn få tilbake den kapitalen dei gjekk inn med. Eventuelt overskot/underskot i fireårsperioden skal delast 50/50.
- d. Det blir det nye felles soknerådet som set ned underutval. Dei to noverande sokneråda er innstilt på at det skal vera to separate kyrkjebyggutval, samt to trusopplæringsutval som samarbeider tett. Det vil også vera aktuelt å ha eige gudstenesteutval for kvar kyrkje.

3. Vidare gang:

- a. Informasjon og innkalling til soknemøte i Hyrdingen sitt påskenummer.
- b. Soknemøtet skal avgjera om det skal sendast søknad på møte tysdag 29. april.